

Referat frå møte i Arbeidsutvalet 13.-14. januar 2011

Stad: Thon Hotell Opera, Oslo

Til stades:

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Olov Grøtting, Hedmarksregionar/kommuner
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune

Forfall:

Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Eivind Brenna, Opplandsregionar/kommuner
Olaug Grønseth Granli, Buskerudregionar/kommuner
Arne Vinje, Vinje kommune

Til stades frå administrativ arbeidsgruppe:

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Sissel Kleven, Buskerud fylkeskommune
Thrond Kjellebold, Telemark fylkeskommune
Ann Marit Holumsnes, hovedsekretariatet (Hedmark FK)
Torunn H. Kornstad, hovedsekretariatet (HFK)

Forfall administrativ arbeidsgruppe:

Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Anne Marie Sveipe, Oppland fylkeskommune

Referent:

Torunn H. Kornstad

Saksliste

01/2011	Organisering av reiselivet i fjellområda i Sør-Norge
02/2011	Referat frå møtet på Brennabu i Valdres 05.11.10
03/2011	Rekneskap og rapport frå European Mountain Convention
04/2011	Forslag til reviderte vedtekter
05/2011	Utkast til handlingsplan
06/2011	Årskonferanse og Rådsmøte 2011
07/2011	Vidaregående skular og fjellandbruk
08/2011	Orientering om Fjellmatkonferansen
09/2011	Eventuelt – Uttale om flytting av Culturaproduksjonen frå Fosheim i Valdres

Orienteringssak

01/2011 Referat frå styremøte i Euromontana 23.11.10 (opphavleg sett på sakslista)

01/2011 Organisering av reiselivet i fjellområda i Sør-Noreg

Arbeidsutvalet ba i novembermøtet om at organisering av reiselivet i fjellområda i Sør-Noreg skulle takast opp som ei diskusjonssak. På bakgrunn av dette vart selskapa Innovativ Fjellturisme AS og Norske Fjell AS inviterte til å komma og presentere sine selskap knytta til reiselivet i fjellet, i tillegg til at Oppland fylkeskommune presenterte FjellNorge. Presentasjonane er lagt ut på heimesida saman med ein kort artikkel frå møtet i Arbeidsutvalet.

Dette vart gjennomført torsdag 13. januar. Etter kvar presentasjon var det spørsmål, og det var ein diskusjon etterpå, der det også vart fokusert på kva som finnast av organisering i Telemark og Hedmark.

Saka vart tatt oppatt fredag 14. januar, og det vart da diskutert korleis saka skal følgjast opp vidare. Det vart bedt om at saka blir diskutert vidare på neste møte, med fokus på sommarturisme i fjellet, og eit mogleg landsdelsselskap eller fylkesovergripande selskap for marknadsføring. Kvar fylke må førebu seg til dette møtet. AU ønskte også å invitere Innovasjon Norge og NHO Reiseliv på møtet.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet tar informasjonen frå Innovativ Fjellturisme AS, Norske Fjell AS og FjellNorge til orientering. AU vil føre diskusjonen vidare, og ønskjer å invitere Innovasjon Norge og NHO Reiseliv til neste AU-møte for å fokusere meir på korleis reiselivet i fjellområda kan og bør organiserast.”

02/2011 Referat frå møtet på Brennabu i Valdres 05.11.10

Det vart vist til referatet som var lagt ved frå møtet på Brennabu 05.11.10. Referatet vart godkjent med to merknader. I overskrifta på saka var møtestaden feil. Vidare vart det bedt om at teksten i siste avsnitt i vedtaket i sak 26/2010 vart gjort klarare.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet godkjenner referatet frå møtet 05.11.10 med følgjande ny tekst i vedtaket i sak 26/2010 (siste avsnitt):

Fjellregionsamarbeidet vil også ta ny kontakt for å arbeide for ein kontingentaue i Euromontana. Dette for å unngå at ordinær drift i Euromontana må prosjektfinansierast.”

03/2011 Rekneskap og rapport frå European Mountain Convention

Det var lagt fram ein skriftleg rapport og ein førebels rekneskap frå European Mountain Convention. Det kom ikkje nokon spørsmål til rapporten.

Den førebelse rekneskapen viste eit førebels overskot på kr 235.000 (ikkje kr 350.000 som det stod i saksutgreiinga). Det vart stilt spørsmål til føring av eigeninnsats frå

Fjellregionsamarbeidet, godtgjøring av innsats utført av Hedmark fylkeskommune ut over den avtalte eigeninnsatsen, og korleis eigeninnsats frå andre medlemar er synleggjort.

Grunnen til at Hedmark fylkeskommune er godtgjort med eit beløp vart forklart med at arbeidsomfanget hos sekretariatet låg langt over dei avtalte 100 %, og at dei kr 75.000 som Hedmark har vedtatt å gå inn med i eigeninnsats er dekt opp av andre tilsette der.

Det vart bedt om at prinsippa for rekneskapen blir gått gjennom i møte i administrativ arbeidsgruppe.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet sluttar seg til den framlagte rapporten frå European Mountain Convention 2010.

Den endelege rekneskapen for EMC blir lagt fram for AU for handsaming når han er ferdig. AU ber den administrative arbeidsgruppa diskutere kva for prinsipp som skal leggest til grunn for føring og godtgjøring av eigeninnsatsen hos medlemane og vertsfylka for sekretariatet og konferansen.”

04/2011 Forslag til reviderte vedtekter

Det var lagt fram eit forslag til vedtekter som var gått gjennom av jurist i Hedmark fylkeskommune. Det kom spørsmål om omgrepet kommuneregionar, som hadde erstatta omgrepet regionråd, og det var semje om å bruke begge omgrepa saman.

Au ønskte ikkje å gjøra endringar i § 2 om det rettslege grunnlaget for samarbeidet, sjølv om ein ser at dette vil vera naudsynt dersom det blir endringar i organiseringa av sekretariatet.

Det vart litt diskusjon om § 8, om det treng å stå at medlemar som ikkje har betalt kontingent er automatisk utmeldt, men punktet vart ståande.

§ 9a) – det vart bedt om at ordlyden blir forenkla.

§ 9b) – strekpunkt om budsjett vart endra til ”budsjett for kommande år” Innkallingsfrist for Rådet vart endra frå éin til tre månader.

§ 10 – det vart stilt spørsmål ved om leiaren framleis skal veljast for 2 år, eller om perioden bør endrast til 4 år. (I utsendinga av forslaget på høyring er det spesielt bedt om synspunkt på dette spørsmålet).

Revidert tidsplan:

14. januar	Arbeidsutvalet handsamar forslaget til nye vedtekter
Veke 3	Forslaget blir sendt på (administrativ?) høyring hos medlemane
18. februar	Høyringsfrist (<i>endra til 21. februar ved utsending</i>)

Mars	Handsaming i AU-møte på grunnlag av høyringsuttalene
Uke 10	Utsending av endeleg versjon til politisk handsaming hos medlemmene
Mai	Endeleg vedtak på Rådsmøtet

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet sluttar seg til forslaget til nye vedtekter for Fjellregionsamarbeidet, med dei endringane som vart vedtatt i møtet.

Forslaget blir sendt ut på ein kort høyringsrunde hos medlemmane, og det vidare arbeidet følgjer den endra tidsplanen.”

05/2011 Utkast til handlingsplan

Det var lagt fram forslag til detaljert handlingsplan for 2011 og ein oversiktsplan for perioden 2011-2014. I langtidsplanen er alle områda frå det vedtatte handlingsprogrammet fasa inn. AU hadde ingen merknader til måten planen var sett opp på.

Innhaldsmessig vart det diskutert fram endringar i høve til arbeidsform for oppfølging av rapporten om avgrensing av fjellområda. Dei konkrete prosjekta vart tatt ut av planen og erstatta med eit generelt punkt om folketalsutvikling og tilflyttingsprosjekt

14. januar	Utkast til handlingsplan for 2011-2014 lagt fram for AU
Mars	Arbeidsutvalget vedtar forslag til handlingsplan
Møte april	AU vedtar forslag til økonomiplan, bygd på handlingsplanen
Mai	Endeleg handsaming på Rådsmøtet

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Forslaget til handlingsplan blir revidert med bakgrunn i diskusjonen i Arbeidsutvalget. Det vidare arbeidet følgjer den endra framdriftsplanen”

06/2011 Årskonferanse og Rådsmøte 2011

Årskonferansen og Rådsmøtet er fastsett til 12.-13. mai i Lom. Møtelokale blir Norsk Fjellmuseum, medan overnatting skjer på Fossheim Hotell.

Arbeidsutvalet vart utfordra på tema for Årskonferansen. Forslaget var ”Bruk og vern” med fokus på næringsutvikling i randsonane til nasjonalparkar og villreinområde. AU meinte at temaet burde vera noko vidare enn dette, med fokus på det berekraftige reiselivet, utnytting av ressursane i fjellområda og vern som eit positivt utgangspunkt. For at det skal vera relevant for alle medlemmane må det også fokuserast på reiseliv og næringsutvikling utanom

verneområda. AU la vekt på at Fjellregionsamarbeidet skal vera pådrivar for å utnytte handlingsrommet og moglegheitene knytta til verneområda.

Det vart i sak 07/2011 gjort vedtak om at det også skal vera ein bolk om naturbruksskulane i fjellregionane på konferansen.

Budsjettet for konferansen vart heva til kr 130.000.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Årskonferansen og Rådsmøtet for Fjellregionsamarbeidet blir arrangert 12.-13. mai i Lom.

Tema for konferansen blir reiseliv og næringsutvikling, med fokus på næringsutvikling i randsonene til nasjonalparker og villreinområde, bruk og vern, utnytting av ressursane i fjellområda og berekraftig reiseliv.

Sekretariatet arbeider vidare med planlegging og marknadsføring av arrangementet, med ei budsjetttramme på ca. kr. 130.000. I budsjettet ligg det inne eit festarrangement med middag, der funksjonærane som var med på EMC blir spesielt inviterte.”

07/2011 Vidaregåande skular og fjellandbruk

Problemstillinga om naturbruksutdanninga i fjellregionane vart reist på AU-møtet i november. Knut Arne Gurigard frå regionrådet i Hallingdal og Ole Sylte Heggset frå Fjellregionen presenterte planane som ligg føre for Lien i Hallingdal og Storsteigen i Fjellregionen i høve til å utvikle tilbod om utdanning innan fjellandbruk. Kjetil Lundemoen fortalte om situasjonen i Oppland, der Klonen i fjellregionen er lagt ned, medan Valle på Toten har bra tilstrøyming av søkarar. Lars Bjaadal fortalte at i Telemark har det vori ein kamp for å kunna behalde Søve, som den einaste naturbruksskulen, men at denne nå ønskjer å utvikle tilbod innan biovarme.

Planane for Lien og Storsteigen liknar ein del på einannan, men Storsteigen fokuserer meir på sjølve landbruket, medan Lien ønskjer å sjå på alle ressursane på garden. Begge er opptatt av fagskulstilbod i tillegg til vidaregåande utdanning, noko også Lundemoen kom inn på – det er viktig å ha eit tilbod til vaksne som skal overta gard.

I diskusjonen kom det fram forslag om å følgje opp problemstillinga på Årskonferansen, og at ei arbeidsgruppe blir ansvarleg for prosessen. Magne Pedersen frå Buskerud fekk ansvaret for dette.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet ser situasjonen for naturbruksutdanninga i fjellregionane som svært viktig. I samband med Årskonferansen i Lom i mai blir det sett av tid til ein work shop, der naturbruksskulane og andre interessentar blir inviterte til å diskutere problemstillingar rundt naturbruksutdanning og ei eventuell ansvarsdeling innan dette området.

Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune, får ansvaret for å dra i gang ei arbeidsgruppe som følgjer opp prosessen.”

08/2011 Orientering om Fjellmatkonferansen

Knut Arne Gurigard frå Regionrådet i Hallingdal orienterte om Fjellmatkonferansen som skal vera på Geilo 7.-8. februar. Påmeldinga var tilfredsstillande. Fjellregionsamarbeidet vart som medarrangør bedne om å stille med ein person til opninga og ordstyrar ein av dagane, i tillegg til at Arne Vinje alt har sagt ja til å avslutte og oppsummere på vegne av FRS.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet tar informasjonen om Fjellmatkonferansen 7.-8. februar til orientering.

Lars Bjaadal representerer Fjellregionsamarbeidet under opninga av konferansen, medan Arne Vinje gjør dette under avslutninga. Sekretær Torunn H. Kornstad tar møteleiinga andre dag.”

09/2011 Eventuelt – Uttale om flytting av Culturaproduksjonen frå Fosheim i Valdres

I samband med at Tine vil flytte produksjonen av Cultura frå Fosheim i Vestre Slidre til Tunganlegget i Trondheim vart det lagt fram eit forslag til uttale frå Fjellregionsamarbeidet.

Arbeidsutvalet vedtok samrøystes følgjande uttale:

”Arbeidsutvalget i Fjellregionsamarbeidet i Sør-Norge ber landsbrukssamvirket bidra til å opprettholde arbeidsplasser i fjellbygdene. Vi ser med bekymring på den flyttingen av arbeidsplasser til byene som ikke minst Tine har stått for de siste årene. Landbruket i Norge er en politisk næring som får sin legitimitet bl.a. ved at den skaper sysselsetting i distriktene og opprettholder bosetting i hele landet. Det blir helt feil når Tine da velger å flytte produksjoner til storbyene Oslo, Bergen og Trondheim. Dette svekker omdømmet til landbrukssamvirket og til merkevaren Tine.

Den mest aktuelle saken nå er saken om Tine Fosheim i Vestre Slidre, som har 100 arbeidsplasser. Ved å flytte produksjonen av Cultura som nå skjer på Fosheim til Tunganlegget i Trondheim, forsterker ledelsen en strukturendring på Østlandet som fører til økt sentralisering. Dette er feil signal fra landbruket.

Fjellregionsamarbeidet ber derfor konsernstyret å vurdere om man er tjent med å flytte Cultura-produksjonen vekk fra fjellbygdene i Valdres.”

Orienteringssak:

01/2011 Referat frå styremøte i Euromontana 23.11.10

Sekretær Torunn H. Kornstad refererte kort dei viktigaste sakene frå styremøtet i Euromontana i Torino 23.11.10. I samband med European Mountain Convention vart det gitt tilbakemelding om at dei var svært nøgde med gjennomføringa av arrangementet. Orienteringa var sett opp som ei ordinær sak, men er i referatet flytta over til orienteringssak.